

---

Saksnr: 2021/5942-2  
Saksbehandlar: Kenth Rune Teigen Måren

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		27.04.2021
Fylkesutvalet		11.05.2021

**Oppnemning av saksordførar i arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland**

## Forslag til innstilling

I arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning for Vestland fylkeskommune oppnemner fylkesutvalet

.....  
som saksordførar.

## Samandrag

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok 16. mars 2021 samrøystes å gjere om RS 11/21 Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland til ei politisk sak - PS 18/21. Hovudutvalet for opplæring og kompetanse ser det som føremålstenleg å oppnemne saksordførar i arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning for Vestland fylkeskommune. Denne saka hastar, arbeidet er allereie i gang, og det er nødvendig å legge fram saka snarast.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok 16. mars 2021 samrøystes å gjere om RS 11/21 Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland til ei politisk sak - PS 18/21. Hovudutvalet for opplæring og kompetanse ser det som føremålstenleg å oppnemne saksordførar i arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning for Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen viser *til Reglement for folkevalde organ og delegering*.

Saksordførarordninga skal leggje til rette for at ein folkevald på vegne av fylkestinget kan følgje og følgje opp ei sak gjennom saksbehandlinga. I reglement for fylkestinget punkt 3.7, saksordførarordning, står det at:

- *Saksordførarordninga skal leggje til rette for at ein politiskar på vegne av fylkestinget kan følgje og følgje opp ei sak gjennom saksførehavinga.*

Vidare står det i reglementet at saksordførarordninga skal:

- *styrke den politiske innsikta i sakene*
- *gi betre rom for politiske innspel i saksførebuinga*
- *ha eit samordningsansvar dersom saka omfattar fleire utval sitt arbeidsområde*
- *følgje saka gjennom heile prosessen, også ved saksbehandling i fylkesutvalet*

og mellom anna nyttast i

- *plansaker*
- *andre større saker etter nærare avgjerd, som til dømes i saker i dei fire hovudutvala og i finansutvalet*

Saka om plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning er ei større sak i arbeidet med å etablere ein temaplan.

### Vedtakskompetanse

Normalt er det fylkestinget som har mynde til å oppnemne saksordførar, jf. Reglementet for folkevalde organ og delegering, Reglement for fylkestinget, pkt. 3.7 under Saksordførarordning (s.12).

Vidare står det i Reglementet for folkevalde organ og delegering, Retningslinjer for saksordførarordninga, pkt. 3, 1. avsnitt under Oppnemning (s.57): «Saksordførar blir oppnemnd av fylkestinget. Når omsyn gjer det nødvendig, kan fylkesutvalet nemne opp saksordførar på vegne av fylkestinget».

Saka blir derfor send til avgjerd i fylkesutvalet i samsvar med Reglementet for folkevalde organ og delegering, Reglement for fylkesutvalet, pkt. 3 under Avgjerd i hastesaker under (s. 15): «Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore vedteke av fylkestinget, når det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle til dette, jf. kommunelova § 11-8».

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Arbeidsvilkår og godtgjersle er fastsett i Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i vestland fylkeskommune

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ingen effekt

### Konklusjon

Hovudutval for opplæring og kompetanse har bede om at fylkesrådmannen utarbeider ei eiga sak for oppnemning av saksordførar. Saka om plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning for er ei større sak i arbeidet ein temaplan, og det er aktuelt å nytte saksordførar.